

TILSYNSRAPPORT

Spesialpedagogisk hjelp

Tilrettelegging av barnehage tilbud for barn med
nedsett funksjonsevne

Hjelmeland kommune

31.03.2020

Innhald

1.	Innleiing	3
1.1	Kort om kommunen	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	3
1.3	Om tilsynsrapporten	4
1.4	Dokumentasjon frå kommunen	4
2.	Sakkunnig vurdering	4
2.1	Rettslege krav	4
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
2.3	Våre konklusjonar	13
3.	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	14
3.1	Rettslege krav	14
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	14
3.3	Våre konklusjonar	21
4.	Årsrapport og gjennomføring	22
4.1	Rettslege krav	22
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	22
4.3	Våre konklusjonar	25
5.	Tilrettelagt barnehagetilbod	25
5.1	Rettslege krav	25
5.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	26
5.3	Våre konklusjonar	29
6.	Frist for retting av regelverksbrot	30

1. Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemynde, jf. barnehagelova § 9 første ledd. Ny kommunelov trådte i kraft i haust ved når det nye kommunestyret trådte i kraft. Dette tilsynet blei varsla før den nye lova trådte i kraft og vi legg difor tidlegare kommunelov kap 10A til grunn. Etter denne lova kan Fylkesmannen gi kommunen pålegg om endring, men kommunen skal ha ein rimeleg frist til å rette forholdet før pålegget gis.

I tilsynet kontrollerer vi om barnehagemynda oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Dersom barnehagemynda ikkje følgjer regelverket, kan vi pålegge retting.

Våre tilsyn er utøving av mynde, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. Vi må handsame personopplysningar. Les meir om vår handsaming av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

I Hjelmeland kommune er det 4 barnehagar. Alle er kommunale. Ved siste rapportering i BASIL den 15.12.2018 er det 7 barn som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp i kommunen. Dette utgjør 4,6 prosent av barna, og er litt høgare enn fylkesgjennomsnittet som er 4 prosent. Bakgrunnen for at Fylkesmannen har valt Hjelmeland kommune for tilsyn i år, er generelle risikovurderingar og kommunen si tilbakemelding på Fylkesmannen si kartlegging i 2018 om retten til tilrettelagt barnehagetilbod, jf. barnehagelova § 19 g.

Sist gong Fylkesmannen førte tilsyn med Hjelmeland kommune som barnehagemynde var i 2016 med temaet: *Kommunen som barnehagemynde, kommunen si godkjenning av barnehagar, kommunen som tilsynsmynde og kommunens oppfølging av krav til pedagogisk og øvre bemanning i barnehagen*. Tilsynet ble avslutta med pålegg om retting.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Hjelmeland i brev av 24.06.2019. Kommunen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Kommunen si forvaltning av retten til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder og retten til tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne er tema for tilsynet. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Sakkunnig vurdering som grunnlag for spesialpedagogisk hjelp, jf. barnehagelova § 19 d
2. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp, jf. barnehagelova §§ 19a og 19 e
3. Årsrapport med vurdering av spesialpedagogisk hjelp og samarbeid med barnet sine føresette, jf. barnehagelova § 19 g
4. Tilrettelegging av barnehagetilbodet for barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 19 g

Formålet med tilsynet er å trygge at barn med særleg behov for hjelp og tilrettelegging får oppfylt sin rett etter barnehagelova Kap. V A, altså at kommunen tilbyr den hjelpa og tilrettelegginga barna har behov for.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

1.3 Om tilsynsrapporten

Våre vurderingar i denne rapporten baserer seg på opplysningar som kjem frå:

- dokumentasjonen som er sendt inn
- informasjonen frå våre eigne system og offentlege register
- informasjonen på kommunen sin nettstad
- intervju med tilsette i kommunen og i barnehagane

Tilsynsrapporten inneheld informasjon om kva pålegg som er aktuelle å vedta etter at freist for retting er gått ut jf. kommunelova § 60 d.

Tilsynsrapportane er offentlege dokument. Vi publiserer våre tilsynsrapportar på vår heimeside.

Utfyllande informasjon om dei rettslege krava finst i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/>

1.4 Dokumentasjon frå kommunen

Tilsynet er basert på gjennomgang av eit utval enkeltvedtak etter barnehagelova § 19 a, saman med tilhøyrande sakkunnige vurderingar, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar. Vi har motteke dokument som viser tildeling av ressursar til barnehagen i dei tilfella kommunen har vurdert at barnet har nedsett funksjonsevne.

Det er i hovudsak sakene over som våre vurderingar tek utgangspunkt i. Vi har og fått tilsendt reviderte prosedyrar ved spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehage, revidert ressurshefte for IOP og evalueringsarbeid i barnehagar med meir. PP-tenesta har sendt oss rutinar for tilvising og sakshandsaming, i tillegg til informasjon om organisering av tenesta med meir.

I tillegg til dokumentasjonen har vi fått informasjon gjennom intervju.

2. Sakkunnig vurdering

2.1 Rettslege krav

Før kommunen fattar vedtak om at barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp eller ikkje, skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering. Sakkunnig vurdering skal svare for om barnet har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, jf. barnehagelova § 19 d. Sakkunnig vurdering skal munne ut i ei skriftleg tilråding frå PP-tenesta til kommunen som vedtaksmynde. Den sakkunnige vurderinga bør vere klar, tydeleg og den må vere individualisert. Den sakkunnige vurderinga skal vise om barnet har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp. I den sakkunnige vurderinga skal det greiast ut om og takast

stilling til relevante omsyn av betydning for å avklare om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp, og kva for tilbod barnet treng, jf. barnehagelova § 19 d. Etter utgreiing skal PP-tenesta ta standpunkt til dei fem momenta under, jf. barnehagelova §19 d andre ledd bokstav a til e:

- a) Om det ligg føre sein utvikling og lærevanske hjå barnet
- b) Realistiske mål for barnet sin utvikling og læring
- c) Kan barnet sine behov hjelpast innan det ordinære barnehagetilbodet
- d) Kva type hjelp og organisering vil bidra til barnet si utvikling og læring
- e) Kva for eit omfang av spesialpedagogisk hjelp er naudsynt og kva for ein kompetanse bør dei som skal gje hjelpa ha

Vurderinga må ta utgangspunkt i behovet til barnet. For barn som går i barnehage, skal PP-tenesta også vurdere om barnehagen har naudsynte ressursar og kompetanse til å avhjelpe behova til barnet, innanfor det ordinære barnehagetilbodet. I tilrådinga av omfanget skal barnet sitt behov for spesialpedagogisk hjelp bli oppgitt i timar.

Om den sakkunnige vurderinga er grundig og behov til barnet blir vurdert å vere stabilt, kan ei sakkunnig vurdering gjelde for meir enn eitt år. Ved gjentatt tilvising til PP-tenesta er det ofte ikkje naudsynt med like omfattande vurdering, mellom anna vil tidlegare arbeid med utgreiing og årsrapport ha noko å seie for kor mykje utredningsarbeid som til ei kvar tid trengs. Dette blir gjort ved at PP-tenesta går gjennom den sakkunnige vurderinga og ser om det er behov for endringar.

Kor store endringar som må gjerast i den sakkunnige vurderinga, heng saman med kor stort behovet for oppdatering er. Dersom det ikkje er behov for endringar i den sakkunnige vurderinga, bør dette meldast skriftleg til kommunen før en treff enkeltvedtak.

Det følger av Barnekonvensjonen art. 3 og Grunnloven § 104 at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar og avgjerder som gjeld barn.

Mal for sakkyndig vurdering

Som nemnt skal PP-tenesta i samband med sakkunnig vurdering gjennom to fasar.

Utdanningsdirektoratet (UDIR) sin mal for sakkunnig vurdering viser ei god og oversiktleg oppbygging for sakkunnig vurdering <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/maler-spesialpedagogisk-hjelp/>. Malen sikrar at PP-tenesta har ein praksis i tråd med lovkravet.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Fylkesmannen har fått tilsendt 9 sakkunnige vurderingar. Dei er vurderingsgrunnlaget i dette kapitlet. Frå PP-tenesta har Fylkesmannen og motteke mal for sakkunnig vurdering.

Utarbeider PP-tenesta sakkunnige vurderingar om spesialpedagogisk hjelp i dei tilfella kor barnehagelova krev det?

Rettsleg krav: Barnehagelova §§19c og 19a

Rutinane som vert beskrivne i intervju med PP-tenesta og andre tilsette, vitnar om at når føresette eller barnehage ber om spesialpedagogisk hjelp for eitt barn, utarbeider PP-tenesta ei sakkunnig vurdering. Det skal utarbeidast ei sakkunnig vurdering sjølv om PP-tenesta meiner at barnet ikkje har

behov for spesialpedagogisk hjelp. Det kjem ikkje klart fram av PP-tenesta sine rutinar om dette er praksis i Hjelmeland kommune. På skjema for tilvising, er det mogleg å kryssa av for individsak og systemsak. I rutineane kjem det fram at det er inntaksteamet i PP-tenesta, som avgjer om det skal utarbeidast sakkunnig vurdering eller ikkje. Det står og at saka kan endra karakter over tid og at behovet for sakkunnig vurdering, rettleiing eller testing osv., vil dermed kunne falle frå. Fylkesmannen vil peike på at PP-tenesta skal utarbeida ei sakkunnig vurdering når føresette ber om det, og ikkje gjere egne vurderingar om det er behov. Det PP-tenesta skal ta stilling til, er om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp eller ikkje.

I rutineane på side 2 under *individsak* står det og at :

(...) Utredning kan resultere i en sakkyndig vurdering eller tilbud om rådgiving/veiledning fra PP-tenesta i videre arbeid med barnet/eleven(...)

Denne praksisen blei det gitt eit døme på i eit av intervjua, då vi fekk informasjon frå ein barnehage om tre barn som vart tilvist, utan at det resulterte i ferdige sakkunnige vurderingar. Det kom fram at det etter ei stund blei gitt ei munnleg vurdering til barnehagen om at barna ikkje hadde behov for spesialpedagogisk hjelp.

Etter Fylkesmannen si vurdering tyder både rutinar og eksempelet på at PP-tenesta ikkje har ei rett lovforståing om når barnehagelova krev at dei uarbeidde ei sakkunnig vurdering. Vi konkluderer dermed med at PP-tenesta ikkje oppfyller krava på dette området.

Får barnet anledning til å gi uttrykk for si meining når PP-tenesta utarbeider sakkunnig vurdering?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova §§ 19 c jf. 19 a og 19 b, jf. barnekonvensjonen artikkel 12.

Barn har ein eigen rett til å gje uttrykk for si meining om behovet for spesialpedagogisk hjelp, når alder, modning og andre personlege vilkår ligg til rette. PP-tenesta skriv og i alle sine sakkunnige tilrådingar at:

(...) Denne vurderingen er også forankret i Barnekonvensjonen(...)

Likevel kjem det ikkje fram av sakkunnig vurdering korleis PP-tenesta hentar inn barnet si stemme når dei greier ut og vurderer behovet for spesialpedagogisk hjelp. Det kjem fram av dei 9 sakkunnige vurderingane at alle barna er observerte i naturlege omgjevnader. Likevel er det ingen sakkunnige vurderingar som viser til direkte samhandling med barnet. Fylkesmannen vil peike på at det er ikkje eit spørsmål om barnet skal bli høyrtd, men når, korleis, kor, av kven og kva vekt barnet si meining skal ha. Barn har likevel ikkje plikt til å uttale seg, men skal ha moglegheit. Barn i barnehage kan vere for unge til direkte samtalar, då er det føresette eller andre som skal uttale seg på barnet sine vegne. Dette skal kome fram i den sakkunnige vurderinga.

Etter vår vurdering har ikkje PP-tenesta i tilstrekkeleg grad synleggjort korleis barnet si stemme er fanga opp. Ut i frå intervjuet og dokumentasjonen i dette tilsynet legg vi likevel til grunn at PP-tenesta har latt barnet sin stemme bli høyrtd under besøk i barnehagen, under observasjonar og annan testing, samt gjennom samtalar med føresette og tilsette i barnehagen.

Får føresette uttale seg når PP-tenesta greier ut og vurderer behov for spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova §§19c, 19a og 19b.

Fylkesmannen finn at dei 9 sakkunnige vurderingane har med opplysningar frå føresette. Gjennom intervju blir det og stadfesta at PP-tenesta har rutinar for samarbeid med føresette i utgreiingsfasen. Det er likevel uklart korleis, og i kva grad føresette sitt syn er vektlagt. Alle vurderingane formidlar korleis dei føresette ser på barnet sin vanske, men berre i 4 sakkunnige vurderingar er det synleg kva føresette meiner kan avhjelpa barnet sin vanske. Eit døme på dette er:

«Han (far) tror at ekstra ressurs for NN i barnehagen vil vere en styrke for ham og hjelp til å bli mer innlemmet i det sosiale samspillet og forstå kodene i de ulike situasjonene.»

I intervju blei det sagt at føresette ikkje alltid har noko eige syn på den spesialpedagogiske hjelpa. Fylkesmannen finn det like fullt viktig at dette synet også blir presentert i sakkunnig, slik at lovkravet etter §19b blir innfridd. Fylkesmannen vil peike på at PP-tenesta ikkje berre må henta inn naudsynte opplysningar frå føresette, føresette må også gis høve til å kome med sitt syn på kva barnet treng. I tillegg må PP-tenesta i vurderinga vise korleis dei har vektlagt deira syn, jf. barnehagelova §19 b.

Sjølv om PP-tenesta manglar ei tydeleggjering av føresette sitt syn i sakkunnig vurdering, finn Fylkesmannen at føresette får uttale seg når PP-tenesta greier ut og vurderer behov for spesialpedagogisk hjelp.

Legg PP-tenesta stor vekt på barnet og foreldra sitt syn i tilråding om spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova §19b annet ledd og barnekonvensjonen artikkel 3 og 12

PP-tenesta skal vise i sakkunnig vurdering korleis barn og føresette sitt syn er vektlagt. Fylkesmannen viser til vurderingane i dei to avsnitta over, og konkluderer med at PP-tenesta ikkje gjer greie for korleis dei vektar barnet og føresette sitt syn i tilråding om spesialpedagogisk hjelp.

Opplyser PP-tenesta saka så godt som råd er før dei utarbeider sakkunnig vurdering?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova §§ 19 c og 19 d jf. §§ 19 a og 19 b, jf. forvaltningslova § 17

PP-tenesta skal greie ut om barnet sin vanske ut i frå ei fullstendig og total vurdering. Ikkje berre forhold knytt til barnet, men og barnet sine omgjevnader skal bli vurderte. PP-tenesta må bruke ulike kjelder og metodar. PP-tenesta gav i intervju med Fylkesmannen uttrykk for at dei arbeider saman med til dømes Stat.ped, BUP og HABU, og bidreg til tilvising og innhenting av naudsynt kompetanse ved behov. Fylkesmannen vil peike på at dette er ein vesentleg del av vurderinga som må bli gjort i samband med å ta stilling til om saka er opplyst så godt som råd er. I dei 9 sakene vi har fått, ser vi likevel ikkje at PP-tenesta vurderer vidare tilvising til stat.ped, BUP, HABU, barnevernet, helsestasjon el. I nokre av sakene er barnet allereie i kontakt med andre deler av hjelpeapparatet før oppmelding til PP-tenesta.

Berre i to tilfelle undersøker og opplyser PP-tenesta saka gjennom bruk av kognitiv evnetest (WPPSI-IV). Begge desse sakene har same sakshandsamar Ingen av dei andre barna blir utgreia med kognitive testar. Fylkesmannen vil peike på at kommunen er ansvarleg for at PP-tenesta har tilstrekkeleg kompetanse slik at dei enkelte sakene er godt nok opplyste. Vi vil presisere at det er ikkje naudsynt at utgreiing av ei sak må skje ved vidare tilvising til andre instansar eller ved gjennomføring av bestemte

testar, men sakkunnig vurdering må som eit minimum vise kva for nokre vurderingar PP-tenesta har gjort med dei ulike årsaka til tilvising. Dette fordi føresette og eventuelle andre faginstansar kan ha behov for å sjå kvifor PP-tenesta gjer dei vala dei gjer, og dermed gjere egne vurderingar om dei er einige eller be om meir og breiare utgreiing. Vi kan ikkje finne dette i nokre av dei 9 sakkunnige vi har fått tilsendt. Fylkesmannen vil vidare peike på at når PP-tenesta skal greie ut og ta stilling til forseinka utvikling og lærevanske hjå barnet, er det viktig for kvaliteten at rådgjevar i størst mogleg grad nyttar normerte og standardiserte testverktøy.

Manglar ved utgreiinga av barnet si utvikling og moglege lærevanskar, vil ha innverknad på vidare vurdering av barnet sitt behov og utforming av hjelpa. Fylkesmannen vil vise til et døme kor vi vurderer utgreiinga som svak: Barnevern er involvert i saka og PP-tenesta har gjennomført Reynell språktest på grunn av litt forsinka språk. Barnet har ein faktor av sårbarheit som gjer at det ikkje har godt nok utbytte av det allmennpedagogiske tilbodet, men vi kan likevel ikkje sjå nokon kartlegging med tanke på dette, som t.d. spesifikk observasjon av samspel. PP-tenesta skildrar at barnet har vanskar med å halde fokus over tid, fell ut av aktivitetar og treng tett grad av støtte frå ein vaksen, meir enn ordinært tilbod kan gi. I denne saka vurderer Fylkesmannen at det ville det vere naturleg å innhenta hjelp frå BUP, men PP-tenesta viser inga vurdering i den retning.

PP-tenesta refererer berre i 1 av 9 sakkunnige til utgreiing frå andre instansar. PP-tenesta er pålagt å opplysa saka så godt som mogleg før det vert utarbeidd sakkunnig vurdering og har plikt til å gjere naudsynte kartleggingar sjølv, eller henta inn alle dei opplysningane dei treng. Om PP-tenesta ikkje sjølv har naudsynt kompetanse, må dei hente inn naudsynt kompetanse frå t.d. BUP, HABU, stat.ped, helsestasjon eller andre. Dersom PP-tenesta gir ei tilråding basert på mangelfulle eller misvisande grunnlag, kan det føre til at enkeltvedtaket blir ugyldig.

Varigheit av sakkunnig vurdering er ikkje regulert i barnehagelova, men kommunen skal ha eit forsvarleg grunnlag når dei fattar enkeltvedtak. Hovudregel er difor at sakkunnig vurdering gjeld for eit barnehageår. I 5 av dei 9 sakane gjeld vurderinga for 2 barnehageår. Fylkesmannen vil peike på at små barn utviklar seg raskt og ulikt, og mål og tiltak kan bli forelda. Ved ny tilvising vil det oftast ikkje vera naudsynt med same omfattande utgreiing, men PP-tenesta må gjera ei vurdering om det ligg føre behov for endring av sakkunnig vurdering.

Fylkesmannen sin vurdering er at PP-tenesta ikkje opplyser saka så godt som råd er før dei utarbeider sakkunnig vurdering.

Utarbeider PP-tenesta sakkunnig vurdering så snart som råd?

Rettsleg grunnlag: Forvaltningslova § 11 a

Saker om spesialpedagogisk hjelp må handsamast *innan rimeleg tid*, jf. krav i forvaltningslova. Den sakkunnige vurderinga er ein del av saksførebuinga, og PP-tenesta må utarbeide den så snart som mogleg. Kva som er så snart som mogleg, vil variere frå sak til sak og det må gjerast konkret og individuelt ut i frå omsynet til ei forsvarleg sakshandsaming, omfanget av saka, kompleksitet og tilgjengelege ressursar.

Økonomiske og kapasitetsmessige årsaker er i hovudsak ikkje ein gyldig grunn til at det tek lang tid å utarbeide ei sakkunnig vurdering. Kommunen eller PP-tenesta kan ikkje innføre ventelister for utredning av barn sitt behov for spesialpedagogisk hjelp. Dette vil stride mot det enkelte barnet sin

rett. Kommunen har ansvaret for å stille nødvendige ressursar til disposisjon slik at det ikkje oppstår ventelister.

I fleire av PP-tenesta sine saker vi har fått tilsendt, kan det stillast spørsmål ved om sakshandsamingstida er forsvarleg. PP-tenesta har eit snitt på over 5 månader i til saman 7 av sakene der vi har fått alle datoane. I den saka som har hatt lengst handsamingstid er forklaringa sjukdom, først i PP-tenesta og så hos barnet. Vi vil i denne samanheng peika på at kommunen i tilfelle der barnet er sjukt, må vurdere behovet for å gi spesialpedagogisk hjelp i heimen, jf. barnehagelova §19 a. I intervju har PP-tenesta formidla at sjukefråvær og ferieavvikling spelar inn på tida for handsaming, men PP-tenesta har ikkje ventelister eller stans i tilvising i sommartida. Dette kjem fram i kommunen sine prosedyrar for spesialpedagogisk hjelp.

Etter vår vurdering kan det sjå ut til at årsaka lang sakshandsamingstid er kapasitetsmessige og organisatoriske utfordringar som oppstår gjentatte gonger, og som kan vere av lengre varigheit. Dette er ikkje ein gyldig årsak til at PP-tenesta si sakshandsamingstid er for lang. Fylkesmannen meiner difor at PP-tenesta ikkje oppfyller det rettslege kravet på dette punktet.

Gjer PP-tenesta greie for og tek stilling til om det ligg føre sein utvikling og lærevanske hos barnet? Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19 d

PP-tenesta må gjere greie for og ta stilling til realistiske mål for barnet si utvikling og læring. På bakgrunn av dette tilrår dei kva som vil vere realistiske mål. Formålet med hjelpa er å bidra til barnet sin utvikling og læring, og må sjåast i samanheng med formålet for innhald og oppgåver i barnehagen.

Etter utgreiing skal PP-tenesta ta stilling til om det ligg føre sein utvikling og mogleg lærevanske hos barnet. Vi viser til tidlegare vurderingar om dette. Utgreiing av sein utvikling og mogleg lærevanske er eit krav i barnehagelova, og alle barn med behov for spesialpedagogisk hjelp har rett på slik hjelp. Vi vil peike på at PP-tenesta må og få fram dei sterke sidene hos barnet. Dette for å kunne tilrå kva spesialpedagogisk hjelp barnet treng, og ta stilling til barnet sine utviklingsmoglegheiter og læringspotensiale.

Fylkesmannen finn ikkje i nokon av sakene vi har fått tilsendt at PP-tenesta tek stilling til om det ligg føre ein mogleg lærevanske hos barnet. I 2 av 9 konkluderer dei heller ikkje om barnet si utvikling er forseinka. I dei sakene PP-tenesta faktisk tek stilling til at det ligg føre forseinka utvikling, er barnet sine vanskar stort sett utgreia knytt til språk. Fylkesmannen si vurdering her, er at PP-tenesta i for liten grad synleggjer korleis dei vektlegg barnet sine vanskar på dei andre områda barnet er betydeleg forseinka. PP-tenesta legg heller ikkje fram nokre tankar eller planar for korleis dei vil følgje opp barnet si forseinka utvikling på andre områder. I ei sak er barnet tilvist for:

(...)forsinket og noe skeiv utvikling på grunnleggende områder som språk, sosial samhandling, matvaner, regulering av aktivitet, følelsesmessige uttrykk(...)

Det blir og opplyst om at vanskane må sjåast i samanheng med tidlegare røyndom og mangel på omsorg, samt usikkerheit om barnet har vært utsett for rus i svangerskapet. PP-tenesta konkluderer her med

(...)betydelig forsinket utvikling på fleire utviklingsområder(...)

PP-tenesta gjer likevel ikkje greie for på kva områder barnet si utvikling er forseinka.

Bakgrunnen for å ta stilling til om utviklinga er forseinka er for at spesialpedagogisk hjelp skal gi tidleg hjelp og støtte i barn si utvikling. Finn ein forseinka utvikling hos eit barn er skal ein yte spesialpedagogisk hjelp så raskt som råd, for å fremje normal utvikling. Lærevanskar hos barn gjer at dei har vanskar med å lære grunnleggjande ferdigheiter. Tidleg spesialpedagogisk hjelp sikrar ei best mogleg utvikling hos barnet.

Samla sett vurderer Fylkesmannen at PP-tenesta ikkje i tilstrekkeleg grad tek stilling til om det ligg føre sein utvikling og lærevanske hos barnet.

Gjer PP-tenesta greie for og tek dei stilling til realistiske mål for barnet si utvikling og læring?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19d

Den sakkunnige vurderinga skal gjere greie for realistiske mål for barnet si utvikling og læring. Vi har tidlegare peikt på at manglar ved utgreiinga av barnet si utvikling og eventuelle lærevanskar, vil påverke vurderinga av realistiske mål og vidare utforming av hjelpa. Fylkesmannen finn at realistiske mål i fleire av dei sakkunnige vurderingane vi har fått, blir blanda saman med tilråding om innhald, tiltak og arbeidsmåtar. Av den grunn blir det vanskeleg å avgjere om PP-tenesta burde ha vore meir konkret og presis i sine råd. Alle tilrådingane inneheld mål for barnet si utvikling og læring. Dei fleste måla er likevel generelle og gir dermed ikkje tilstrekkelege føringar for innhaldet i den spesialpedagogiske hjelpa. Dette gir for stor grad av spelerom til barnehagen og den som skal utføre hjelpa.

Sakkunnig tilråding bør innehalde konkrete råd om tiltak, målsettingar og innhald. PP-tenesta må ta tydelegare stilling til kva som vil være realistiske mål for barnet si utvikling og læring. I fleirtalet av sakane vurderer vi difor at dei sakkunnige vurderingane ikkje er tilstrekkelege for vidare arbeid med barnet, og for seinare evaluering av utviklinga.

Gjer PP-tenesta greie for og tek stilling til om barnet sine behov kan bli hjelpt innfor det ordinære barnehagetilbodet, dersom barnet går i barnehage?

Rettslege krav: Barnehagelova § 19 d jf. barnekonvensjonen artikkel 3

Når realistiske mål for barnet si utvikling og læring er sett, kan ein seia noko om barnet sine behov knytt til å kunne nå desse måla, og om dei kan avhjelpast innan det ordinære barnehagetilbodet. For barn som går i barnehage, skal PP-tenesta vurdere om barnehagen har naudsynte ressursar og kompetanse til å avhjelpa barnet sitt behov innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Det er barnet sine omgivnader i barnehagen og det pedagogiske tilbodet barnet mottek som skal vurderast. Moment som kan vere relevante i denne vurderinga, er kompetanse hos dei tilsette, tal på barnehagelærarar, vaksne og sjukefråvær.

Etter Fylkesmannen si vurdering inneheld PP-tenesta sine sakkunnige vurderingar i særskild liten grad ei omtale av barnehagen sine rammer, eller ei vurdering av omgivnadene og det pedagogiske tilbodet opp i mot barna sine behov. Nokre tilrådingar inneheld eit avsnitt om *generell tilrettelegging på avdelinga*. Dette avsnittet inneheld ei anbefaling av kva avdelinga bør gjere, ikkje ei vurdering av om dei tilsette har nok kompetanse, om organiseringa er tilpassa barnet eller om barnegruppa er krevjande.

Fylkesmannen vurderer at dei sakkunnige vurderingane ikkje gjer greie for om barnet sitt behov kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbodet.

Gjer PP-tenesta greie for og tek stilling til kva type hjelp og organisering som vil bidra til barnet si utvikling og læring?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19 d jf. barnekonvensjonen artikkel 3

Loven pålegg PP-tenesta å gjere greie for og ta stilling til kva type hjelp barnet treng og korleis hjelpa skal organiserast for å bidra til barnet si utvikling og læring basert på barnet sitt beste. Val av type hjelp og organiseringa skal gjere at barnet tidleg får naudsynt hjelp og blir betre rusta til skulestart.

Kva type hjelp og organisering som vil bidra til barnet si utvikling og læring, må sjåast i samanheng med mål for spesialpedagogisk hjelp generelt og dei realistiske måla for barnet si utvikling og læring. Vi viser til våre vurderingar i tidlegare avsnitt der vi har vurdert og konkludert med at PP-tenesta i Hjelmeland ikkje i tilstrekkeleg grad tek stilling til om det ligg føre sein utvikling og lærevanske hos barnet, og ikkje er tydeleg på realistiske mål for barnet si utvikling og læring. Som følge av mangelfull utgreiing, vil grunnlaget for å seie kva for type hjelp som vil bidra til barnet si utvikling og læring, også kunne vere mangelfull. Av dei tilrådingane vi har fått kan det sjå ut som hjelpa stort sett er skrive under overskrifta *Generell tilrettelegging*. Svært lite er skrive som spesialpedagogiske tiltak. Dette gir eit utydeleg bilde av kva som er spesialpedagogisk hjelp og kva som er generell tilrettelegging på avdelinga. Dette må vere klart for både vedtaksmynden og for føresette der retten til å klage skal takast i vare.

Dei sakkunnige tilrådingane er ulike når det gjeld organiseringa av hjelpa. Eit døme på ei utfyllande tilråding om organisering er:

(...)235 årstimar med pedagog: timenek nyttes til tilbudet i Hjelmeland barnehage og bør organiseres slik at NN får en time med pedagog hver dag, evt. To kortere økter til dagen. Timene gis alene eller sammen med et annet barn dersom det er hensiktsmessig for NN. Fokuset i timene skal ligge på språkutvikling og sosiale ferdigheter.

940 årstimer med miljøarbeider/fagarbeider/assistent: timene organiseres slik at NN får støtte i barnehagens kjernetid, bl.a. for å mestre rutinesituasjoner og lek i avdelingen. Deler av ressursen skal brukes til å organisere lek og aktiviteter i en liten gruppe rundt NN, med fokus på språkstimulering, utvikling av leke ferdigheter og sosiale ferdigheter (...)

Dømet over visar ein god måte å ta stilling til organiseringa av hjelpa på. Her seier PP-tenesta om hjelpa skal vere i barnegruppa, i mindre grupper eller åleine, kven barnet skal vere saman med, kor lenge og kva fokuset i timane skal vere. Andre tilrådingar om organisering er litt knappe, men dei aller fleste gir ei god framstilling av organisering av hjelpa.

PP-tenesta sin mal inneheld eit punkt med omgrepet *forsvarleg*, "4.2 Spesialpedagogisk hjelp som kan gi barnet en forsvarlig utvikling". I barnehagelova og i Utdanningsdirektoratet sin mal for sakkunnig vurdering, er det ikkje er snakk om *forsvarleg utvikling*, men *tilfredsstillande utvikling*. Ordbruken i dei sakkunnige vurderingane og i malen frå PP-tenesta, er dermed misvisande. Det er ikkje nemnd noko i lova knytt til rett til *forsvarleg utvikling*, men rett til tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring. Her kan det synast som at PP-tenesta har tatt inn ordlyden frå opplæringslova §5-3 som krev at PP-tenesta seier noko om kva for opplæring som gjev eit forsvarleg opplæringstilbod.

Ut frå ei samla vurdering finn Fylkesmannen at PP-tenesta gjer godt nok greie for og tek god nok stilling til kva organisering som vil bidra til barnet si utvikling og læring. Fylkesmannen finn derimot at PP-tenesta ikkje er klar nok på kva type hjelp som vil bidra til barnet si utvikling og læring.

Gjer PP-tenesta greie for og tek stilling til kva omfang av spesialpedagogisk hjelp som er naudsynt, og kva kompetanse dei som gjev hjelpa bør ha?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19e jf. barnekonvensjonen artikkel 3

Loven pålegg PP-tenesta å tilrå kva omfang av spesialpedagogisk hjelp som er naudsynt. Saka skal vera så godt greia ut at PP-tenesta kan fastsette barnet sitt behov for spesialpedagogisk hjelp i timar. PP-tenesta sin mal og dei 9 sakkunnige vurderingane viser at spesialpedagogisk hjelp blir tilrådd i årstimar. Timane er fordelt mellom årstimar med spesialpedagog eller pedagog, og årstimar med miljøterapeut, fagarbeidar eller assistent i tråd med lovkrava.

PP-tenesta skal vidare svare for kva kompetanse dei som gir hjelpa bør ha. Dersom det er naudsynt med innsats frå ein assistent i tillegg til pedagogressurs for at barnet skal få retten sin, må dette kome klart fram i enkeltvedtaket. I nokre saker tilråddast det berre assistent (fagarbeidar), utan at det kjem frem om assistenten står i relasjon til ein som har formell pedagogisk kompetanse. Fylkesmannen vil peike på at assistenten må få oppfølging slik at barnet får naudsynt hjelp. Kva som er nødvendig rettleiing må vurderast ut frå utdanninga og arbeidserfaringa til den aktuelle assistenten.

Når det gjeld kva kompetanse den enkelte pedagogen skal ha, meiner Fylkesmannen at PP-tenesta ikkje er presis nok i sine tilrådinga. Eit døme:

(...)235 årstimar med spesialpedagog/ pedagog(...)

(...)940 Årstimer med miljøterapeut/ fagarbeider/ assistent med kompetanse på flerspråklighet/ barns språkutvikling(...)

Tilrådinga tek i vare splittinga i årstimar mellom spesialpedagogisk kompetanse og tid med anna kompetanse, men Fylkesmannen finn likevel formuleringane for upresise. Til dømes er oftast ein miljøterapeut høgskuleutdanna, medan ein assistent ikkje treng formell utdanning. Om PP-tenesta meiner vedtaksorganet sjølv kan velje, skal tilrådinga vera assistent. I sakkunnig vurdering blir i hovudsak berre titlane nemnd over brukt, og det blir etter vår vurdering for upresist. Vi kan og sjå døme på tilrådingar om særskilt kompetanse som i språk, men i dei fleste tilrådingane kjem det ikkje godt nok fram kva slags kompetanse, erfaring eller ferdigheiter som er naudsynt for å hjelpe barnet. Slike upresise tilrådingar kan og gi uheldige signaler om at PP-tenesta ikkje er fristilt, men tek omsyn til kva for ein kompetanse som finnast i den enkelte barnehagen der barnet går.

Vurderinga til Fylkesmannen er at PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til omfang i årstimar, vi meiner samstundes at PP-tenesta ikkje i tilstrekkeleg grad gjer greie for og tydeleg tek stilling til kva kompetanse dei som gir hjelpa skal ha.

Vurderer PP-tenesta kva som er barnet sitt beste når dei utarbeider sakkunnig vurdering?

Rettsleg grunnlag: Barnekonvensjonen artikkel 3.

Det følger av Barnekonvensjonen art. 3 og Grunnloven § 104 at barnet sitt beste skal være eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar og avgjersler som gjeld barn. I PP-tenesta sin mal og i alle dei 9 sakkunnige vurderingane er siste setning «*Denne vurderinga er også forankert i Barnekonvensjonen*».

Barnet sitt beste er ein rett, eit generelt prinsipp og ein regel for sakshandsaming. At barn har *ein rett* betyr at rådgjevar skal vurdere og ta stilling til omsynet til barnet sitt beste, det er ikkje rom for unntak. Barnet sitt beste er *eit grunnleggjande omsyn*. Det betyr at dette skal vektast tungt opp i mot andre omsyn, og det kan ikkje bli sett til side.

Barnet sitt syn (jf. 2.2) er ein del av grunnlaget i ei *Barnet sitt beste – vurdering*. I tillegg skal vurderinga innehalde realistiske mål for barnet si utvikling og læring, vurdering kring kva for type hjelp barnet treng og ei vurdering av korleis hjelpa skal organiserast for å bidra til barnet si utvikling og læring. *Barnet sitt beste – vurdering* skal vere synleg til stades i sakkunnige vurderingar. Rådgjevar skal vekta dette omsynet opp i mot andre omsyn, og ta stilling til kva betydning barnet sitt beste skal ha i saka. Rådgjevar skal vise og dokumentere innhaldet i *barnet sitt beste – vurderinga* og forklare korleis det er vekta mellom ulike omsyn i grunngjeving for vedtaket.

Etter Fylkesmannen si vurdering er dette ikkje gjort i tilstrekkeleg grad i dei sakkunnige vurderingane vi har fått.

2.3 Våre konklusjonar

Hjelmeland kommune oppfyller lova sitt krav når det gjeld:

- Føresette får uttale seg når PP-tenesta greier ut og vurderer behov for spesialpedagogisk hjelp.
- PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til kva omfang av spesialpedagogisk hjelp som er naudsynt.
- Barnet får høve til å gi uttrykk for si meining når PP-tenesta utarbeider sakkunnig vurdering.
- PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til kva type organisering som vil bidra til barnet si utvikling og læring.

Hjelmeland kommune oppfyller ikkje lova sine krav når det gjeld:

- PP-tenesta utarbeider ikkje sakkunnige vurderingar om spesialpedagogisk hjelp i dei tilfella kor barnehagelova krev det.
- PP-tenesta opplyser ikkje saka så godt som råd er før dei utarbeider sakkunnig vurdering.
- PP-tenesta utarbeider ikkje sakkunnig vurdering så snart som råd.
- PP-tenesta gjer ikkje greie for og tek stilling til om det ligg føre sein utvikling og lærevanske hos barnet.
- PP-tenesta gjer ikkje greie for og tek ikkje dei stilling til realistiske mål for barnet si utvikling og læring.
- PP-tenesta gjer ikkje greie for og tek ikkje stilling til om barnet sine behov kan bli hjelpt innaford det ordinære barnehagetilbodet, dersom barnet går i barnehage.
- PP-tenesta gjer ikkje greie for og tek ikkje stilling til kva type hjelp som vil bidra til barnet si utvikling og læring.
- PP-tenesta gjer ikkje greie for og tek ikkje stilling til kva kompetanse dei som gir hjelpa bør ha.
- PP-tenesta vurderer ikkje kva som er barnet sitt beste når dei utarbeider sakkunnig vurdering.

3. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp

3.1 Rettslege krav

Spesialpedagogisk hjelp er ein lovfesta rett for det enkelte barnet som har særleg behov for slik hjelp. Det er ingen nedre aldersgrense for å ta imot spesialpedagogisk hjelp og retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. I slike saker skal kommunen fatte enkeltvedtak med klagerett. Enkeltvedtaket om spesialpedagogisk hjelp skal vere skriftleg. Dette følger av forvaltningslova § 23. Dette er viktig på grunn av barnet sin rett, dokumentasjon og moglegheiter for å klage. Krav til enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp går fram av barnehagelova § 19 e, jf. forvaltningslova kap. IV og V. Formålet er å sikra barnet og føresette sine interesser, slik at det blir tydeleg kva slags tilbod barnet skal få og sikra at kommunen sin avgjersle blir godt grunngitt.

Enkeltvedtaket skal klart og fullstendig angi kva slags hjelp barnet skal få på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta og vedtaket skal vere retta mot det enkelte barnet.

Enkeltvedtaket skal mellom anna sei noko om:

- innhald (kva slags tilbod barnet får)
- varigheit (kor lenge hjelpa skal vare)
- omfang (tal timar per år eller veke)
- organisering (kor og korleis hjelpa skal gjevast)
- kompetanse (kven som skal utføre hjelpa)
- tilbod om rådgjeving til føresette

Den sakkunnige vurderinga er rådgivande. Kommunen kan difor fråvike den sakkunnige vurderinga når det blir fatta enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp. Dette gir særlege krav til grunngivinga, og det må gå klart fram kva avvika består i jf. barnehagelova § 19 e første ledd andre punktum. Dette særskilte kravet supplerer det generelle kravet til grunngiving av vedtak i forvaltningslova § 25.

Det følger av Barnekonvensjonen art. 3 og Grunnloven § 104 at barnet sitt beste skal være eit grunnleggjande omsyn ved alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. Alle barn har og rett å seie meininga si og den skal bli tatt på alvor jf. Barnehegekonvensjonen art 12.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Dokumentasjon

Vi viser til punkt 1.4 når det gjeld tilsendte saker som ligg til grunn for våre vurderingar.

Delegering av vedtakskompetanse etter barnehagelova § 19 e

Det går fram av dokumentasjonen vi har fått at mynden til å treffa enkeltvedtak etter barnehagelova §19 a jf. § 19 e, er delegert til styrarane kommunen sine barnehagar. Kommunestyret kan gi rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker så lenge det ikkje er saker av prinsipiell betydning, jf. kommunelova § 23 nummer 4. Rådmannen kan delegere mynden vidare til leiarar i kommunen sine verksemd, forutsett at tilsvarande vilkår er til stades.

Grunnvilkåret for all delegering, er ei sikring av forsvarleg gjennomføring av vedtaket. Dette betyr at kommunen må sikre at styrar i barnehagen har naudsynt kompetanse, oversikt, habilitet og kapasitet til å fatte vedtaka. Det er den som delegerer som er ansvarleg for at delegeringa er forsvarleg. Når kommunen delegerer mynden til styrarane i barnehagane, må det synleggjerast at kommunen har vurdert dette i delegeringsvedtaket. Fylkesmannen kan ikkje sjå at dei vurderingane som er vist til ovanfor er nedfelt i delegeringsreglementet vi har fått. I intervjuet er det i tillegg fleire av informantane som etterlyser meir kunnskap om barnehagelova sine krav om spesialpedagogisk hjelp, i tillegg til kunnskap om forvaltningsrett. Etter vår vurdering har dette betydning for korleis vedtaka i kommunen vert fatta.

For meir informasjon delegering av vedtakskompetanse etter § 19 e, viser vi til [UDIR sine regelverkstolkningar](#).

Er det henta inn samtykke frå føresette før PP-tenesta utarbeider sakkunnig vurdering?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19 b første ledd

Før PP-tenesta gjer ei sakkunnig utgreiing skal føresette samtykke til dette jf. barnehagelova §19b. Sjekklister i samband med tilvising og sjølv tilvisinga som er sendt til Fylkesmannen, viser at føresette samtykker før PP-tenesta tek til med utgreiing.

Får føresette uttala seg om innhaldet i sakkunnig vurdering før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19 b første ledd annet punktum

I prosessen med sakkunnig vurdering skal føresette bli gitt moglegheit til å kome med innspel og medverke i tråd med reglane i bhgl. § 19 b, og det skal leggjast stor vekt på deira syn. I Hjelmeland kommune sine rutinar siterar dei barnehagelova på at føresette skal takast med i arbeidet med sakkunnig vurdering, og at føresette har rett til å uttale seg før det blir fatta enkeltvedtak. Vi ser og av dei sakkunnige vurderingane at samtalar med føresette er del av grunnlaget i utgreiinga. Dette blir og bekrefta i intervjuet med PP-tenesta. Fylkesmannen vil likevel peike på at PP-tenesta ikkje berre må henta inn naudsynte opplysningar frå føresette, føresette må givast høve til å kome med sitt syn på kva barnet treng. I tillegg må PP-tenesta i vurderinga vise korleis dei har vektlagt føresette sitt syn.

Sjølv om det ikkje klart kjem fram korleis føresette sitt syn er vektlagt, vurderer Fylkesmannen at dei føresette får uttala seg om innhaldet i sakkunnig vurdering før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Hentar kommunen samtykke frå føresette før dei fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19 b første ledd

I Hjelmeland sine rutinar for spesialpedagogisk hjelp går det fram at enkeltvedtaket er fatta med grunnlag i sakkunnig vurdering frå PP-tenesta og i dialog med føresette. Dette blir og bekrefta i intervjuet.

Fylkesmannen vurderer at Hjelmeland kommune hentar inn samtykke frå føresette før vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir fatta.

Sikrar kommunen at saken er godt nok opplyst før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: Forvaltningslova § 17 jf. barnekonvensjonen artikkel 12

Det er vedtaksinstansen som skal sjå til at den sakkunnige vurderinga er oppdatert og tydeleg nok til at den kan nyttast i vedtaket. Vedtaka vi har fått, viser i ulike samanheng til sakkunnig vurdering og det kjem ikkje tydeleg fram korleis, og om, dei er ein del av vedtaket. I enkelte saker viser heller ikkje vedtaka dato på tilrådingane, og då blir det vanskeleg å sikre kravet til forsvarleg utgreiing.

Fylkesmannen finn heller ikkje at PP-tenesta opplyser barnet sin sak så godt som råd er før dei utarbeider sakkunnig vurdering. Vi viser her til vurderingane i kap. 2. I intervjuet får vi opplysningar om at barnehagen ikkje har ein praksis på å sende sakkunnig tilråding tilbake for ny og oppdatert utgåve, eller be om fleire opplysningar.

Etter Fylkesmannen si vurdering sikrar ikkje kommunen at saka er godt nok opplyst før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Fattar kommunen enkeltvedtak i alle saker der PP-tenesta har gjennomført ei sakkunnig vurdering?

Rettsleg grunnlag: Forvaltningslova §§ 2 og 23, jf. barnehagelova § 19 a jf. 19 e

Dokumentasjonen vi har fått viser at kommune fattar enkeltvedtak i saker der PP-tenesta tilrår spesialpedagogisk hjelp. Kommunen skal også fatte enkeltvedtak i saker der PP-tenesta etter sakkunnig vurdering ikkje tilrår spesialpedagogisk hjelp. Vi har ikkje motteke døme på at Hjelmeland kommune fattar slike vedtak.

I PP-tenesta sine rutinar står det at alle tilviste saker kan endre karakter over tid og at behovet for sakkunnig vurdering vil kunne falle frå. Fylkesmannen vil peike på at PP-tenesta skal utarbeida ein sakkunnig vurdering når føresette ber om det, og ikkje gjere egne vurderingar om det er behov. Det PP-tenesta skal ta stilling til, er om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp eller ikkje.

Fylkesmannen meiner at PP-tenesta på dette punktet ikkje har rett lovforståing. PP-tenesta skal utarbeide sakkunnig vurdering i alle saker der føresette ber om det, sjølv om saka undervegs viser at barnet ikkje har behov. Har ikkje barnet behov skal tilrådinga vise dette, og det skal fattast negativt vedtak. Vi oppfattar at når PP-tenesta ikkje alltid utarbeidar ei sakkunnig vurdering ved negativ tilråding, er dette årsaka til at kommunen ikkje fattar vedtak i slike saker. Fylkesmannen vil i denne samanheng peike på at det er kommunen som har det overordna ansvaret for PP-tenesta, og det er kommunen som har det overordna ansvaret for at det til slutt blir fatta vedtak med klagerett.

Etter ein heilskapleg vurdering kjem Fylkesmannen fram til at Hjelmeland kommune ikkje fattar enkeltvedtak i alle saker der PP-tenesta har gjennomført ei sakkunnig vurdering.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpen skal gå ut på?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 e punkt a

Alle vedtaka vi har fått er generelt utforma og beskriv i liten grad innhaldet i tilbodet. I praksis kan det vere nok å vise til at det som er tilrådd i den sakkunnige vurderinga skal ligge til grunn. Dette

føreset at den sakkunnige vurderinga er tilstrekkeleg klar, oppdatert og heng saman med krava til forsvarleg utgreiing som er drøfta under punkt 2. Det er og eit krav at vedtaket viser til daterte sakkunnige vurderingar.

Vedtaka vi har fått, viser i ulike samanhengar til sakkunnig vurdering og det kjem ikkje tydeleg fram korleis, og om, dei er ein del av vedtaket. I enkelte saker viser heller ikkje vedtaka dato på tilrådingane. Då blir det vanskeleg å sikre kravet til forsvarleg utgreiing. Det kjem ikkje klart fram om sakkunnig vurdering skal leggjast til grunn som del av vedtaket når det gjeld innhaldet i den spesialpedagogiske hjelpa.

Nokre punkt i den sakkunnige vurderinga er viktige for enkeltvedtaket. Desse bør kommunen ha med i vedtaka. Det gjeld mellom anna omfang, organisering, kompetanse og rådgiving til føresette. Desse punkta er berre med i dei vedtaka som har nytta ny mal for vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Samstundes er informasjonen under desse punkta for likelydande og lite utfyllande, og vedtaka ber difor preg av standardisering.

Barnehagelova § 19 e set ikkje uttrykkelege krav om at vedtaka skal definere mål for barnet si utvikling og læring. Å definere overordna mål for dei ulike utviklingsområda vil likevel vere naudsynt for at ein seinare skal kunne evaluera barnet si utvikling i årsrapport, slik § 19 b krev. PP-tenesta skal også seie noko om realistiske mål for barnet si utvikling og læring i sakkunnig vurdering. Vi ser av tilsendt dokumentasjon at individuelle mål for barnet i varierende grad er definert i sakkunnig tilråding, og fråverande i vedtaka. Nokre av måla er i tilrådinga er meir overordna formulerte enn andre, og etterlèt for stor grad av fridom til utførar å skulle definera hjelpa i barnehagen. I fleirtalet av sakene vurderer vi difor at måla ikkje er tilstrekkelege for vidare arbeid med barnet og for seinare evaluering av utviklinga. Eit enkeltvedtak skal utformast slik at det blir tydeleg kva for eit tilbod barnet skal få.

Fylkesmannen vurderer at kommunen ikkje sikrar at vedtaka gir tilstrekkeleg informasjon om innhaldet i hjelpa når det gjeld organisering, kompetanse og realistiske mål for læring og utvikling. Dersom sakkunnig vurdering skal vere ein del av vedtaket, må dei som fattar vedtaket sjå til at sakkunnig vurdering er tydeleg og dermed oppfyller kravet i bhgl. § 19 e bokstav a.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kor lenge hjelpen skal vare?

Rettsleg grunnlag: Forvaltningslova §§ 2, 23, 25 jf. barnehagelova § 19 e punkt b

I vedtak om spesialpedagogisk hjelp skal det kome tydeleg fram kor lenge hjelpa skal vare. Som hovudregel bør vedtaka fattast for eitt år. Dersom barnet sitt behov blir vurdert å vere stabilt, vil det vere mogleg å gjere enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp som gjeld for meir enn eitt år. Barn i førskulealder har rask utvikling og barnet sitt behov vil kunne endre seg vesentleg over relativt kort tid. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp som strekk seg over eitt år, vil derfor i dei fleste tilfella vere lite hensiktsmessig.

I Hjelmeland er sju av vedtaka fatta for eitt år, og to av vedtaka er fatta for to år. Nokre sakkunnige vurderingar gjeld for to barnehageår, i enkelte tilfelle for tre år. For eit barn er det ikkje laga nytt vedtak i 18/19, sjølv om sakkunnig vurdering gjeld for 17/18 og 18/19. Etter samtale med kommunen er forklaringa at styraren tenkte at enkeltvedtaket har den same varigheit som sakkunnig vurdering,

og latt vedtaket frå førre år vere gjeldande. Alle vedtaka innehald informasjon om kor lenge hjelpa skal vare.

Etter ei heilskapleg vurdering meiner Fylkesmannen at Hjelmeland kommune oppfyller krava på dette området.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om hjelpen sitt timeomfang ?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 e punkt c

Alle vedtaka gir informasjon om spesialpedagogisk hjelp i årstimar. Fylkesmannen vurderer at Hjelmeland kommune oppfyller krava på dette området.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva for ein kompetanse de som gir hjelpa skal ha?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 e punkt e og forvaltingslova §23.

Av tilsendte vedtak ser vi at det i tillegg til timar med spesialpedagog og pedagog med spesialpedagogisk kompetanse/erfaring, blir tildelt timar med fagarbeidar, miljøterapeut eller assistent. I sakkunnig vurdering blir i hovudsak berre titlane nemnd over brukt. Etter vår vurdering blir dette for upresist. Vi ser døme på tilrådingar om særskilt kompetanse, som til dømes kompetanse i språk, men i dei fleste tilrådingane kjem det ikkje godt nok fram kva slags kompetanse som er naudsynt for å hjelpe barnet og i utøving den spesialpedagogiske hjelpa. Når denne informasjonen ikkje kjem fram i vedtaka, blir det uklart for mottakar av vedtaket om det er personale med kompetanse som pedagog, eller om det er personale med anna særskilt kompetanse som skal gi hjelpa.

Bruk av assistent kan berre skje dersom ein finn det forsvarleg. Det ligg i omgrepet assistent at han eller ho må vere i relasjon til ein som har formell kompetanse. Dersom det vurderast som naudsynt med innsats frå ein assistent i tillegg til pedagogressurs for at barnet skal få ivaretatt retten sin, må dette komme klart fram av vedtaket. Vi viser til de vurderingane som er gjort under punkt 2. I eit av vedtaka er det berre vedtatt assistent utan pedagog. I intervjuet får vi vite at når det i eit vedtak kjem fram at det ikkje er ein pedagog som skal utfører hjelpa, er styrar eller pedagogisk leiar i barnehagen ansvarleg for å rettleie. Dette kjem ikkje fram i vedtaka. Forvaltningslova § 23 seier at eit enkeltvedtak skal vere skriftleg. Dette er viktig på grunn av barnet sitt rettssikkerheit, dokumentasjon og moglegheiter for å klaga. Det er ikkje i tråd med lovkrava å legge til grunn munnlege avtaler eller annan informasjon som ikkje kjem fram av sakkunnig tilråding.

Fylkesmannen forutset at kommunen til ein kvar tid tek i vare pedagog- og bemanningsnorma i dei barnehagane som nyttar grunnbemanninga til å utøva spesialpedagogisk hjelp.

Fylkesmannens vurdering er at vedtaka ikkje gir tilstrekkeleg informasjon om kva for ein kompetanse de som gir hjelpen skal ha.

Fordi kommunen har ein praksis der delar av opplysningane om utførarane av den spesialpedagogiske hjelpa ikkje kjem fram i vedtaka, er vedtaka heller ikkje i tråd med forvaltningslova sitt krav om å vere skriftlege.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpen skal organiserast?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 e punkt d

Vedtaka skal omtale korleis hjelpa skal organiserast. I vedtaka vi har fått oversendt er organiseringa stort sett skrivne i korte formuleringar sjølv om tilrådinga på organisering er meir utfyllande. Om vedtaka ikkje er utfyllande med omsyn til kva som er tilrådt, må vedtaka vise til sakkunnig vurdering frå PP-tenesta, og at den er ein del av vedtaket. I ein skilde vedtak er dette ikkje gjort. For føresette er det viktig å ha konkret informasjon om organiseringa for å kunne utøve sin klagerett.

Det må komme tydeleg fram om dei sakkunnige vurderingane er del av vedtaket, når vedtaket ikkje gir utfyllande informasjon om organiseringa. Fylkesmannen vurderer likevel at kommunen i hovudsak sikrar at vedtaka gir tilstrekkeleg informasjon om korleis hjelpa skal organiserast.

Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om rettleiing til føresette?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 e punkt e

Sju av vedtaka inneheld tilbod om rådgiving til føresette gjennom mellom anna møter om IOP og evaluering saman med PP-tenesta, barnehagen, helsesjukepleiar, fysioterapeut og andre. To av vedtaka inneheld ikkje tilbod om rådgiving. Vi legg likevel til grunn at kommunen sin praksis er at dette lovkravet er teke hand om.

Fylkesmannen vurderer at vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld tilbod om rettleiing til føresette.

Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova §§ 19 a jf. 19 e og forvaltningslova § 25.

Den sakkunnige vurderinga er rådgivande. Kommunen kan difor fråvike den sakkunnige vurderinga når det blir fatta enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp. Dette gir særlege krav til grunngiving, jf. barnehagelova § 19 e første ledd andre punktum. Ei slik grunngiving vil vere viktig for at føresette skal kunne forstå vurderingane bak og i ei eventuell klagehandsaming hos Fylkesmannen.

Vedtaka vi har fått tilsendt er stort sett i tråd med tilrådinga i sakkunnig vurdering når det gjeld omfang/tildelte timar og rådgjeving til føresette. Vi har tatt imot tre vedtak som fråvik sakkunnig vurdering utan at dette er gjort synleg i vedtaket. Eitt av desse gjeld timar og to gjeld kompetanse. Det er t.d. vedtatt miljøterapeut når sakkunnig vurdering tilrår spesialpedagog/pedagog med spesialpedagogisk kompetanse, og det er vedteke 600 timar i året når PP-tenesta har tilrådd 950. Etter Fylkesmannen si vurdering er det ei mangel ved desse vedtaka at kommunen ikkje seier korleis behovet for ein ansvarleg spesialpedagog skal avhjelpast. Til dømes ved krav til kompetanse hjå miljøterapeuten og vurdering av timane som er tilrådde, eller ei vurdering av korleis behovet kan avhjelpast av personale i barnehagen. I intervjuet fortel ein styrar at ho ikkje vil involvere føresette i og med at enkeltvedtaket ikkje følgjer PP-tenesta si tilråding, medan ei annan styrar seier at ho opplyser føresette når enkeltvedtaket ikkje er i tråd med den sakkunnige vurdering anbefaler.

I intervjuet får vi og opplyst at enkeltvedtaka i stor grad er fatta på bakgrunn av den kompetansen som barnehagen allereie har, og når kapasiteten ikkje strekk til kan ein søkje om midlar til

kommunalsjefen. Vi får opplyst i intervju at dette kan vere ei utfordring når barn blir meldte opp midt i barnehageåret. Fylkesmannen vil her peike på at retten til spesialpedagogisk hjelp er ein individuell rett for barn med særlege behov. Dette inneber at kommunen ikkje kan ta økonomiske omsyn i desse sakene. Det kjem og fram i intervjuet at det ikkje blir skrivne vedtak mellom anna fordi styrar ikkje hadde kunnskap om at det var mogleg.

Fylkesmannen si vurdering er at Hjelmeland kommune ikkje har ein gjennomgåande praksis på å grunngje vedtak som ikkje samsvarar med sakkunnig tilråding.

Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når den fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: Barnekonvensjonen artikkel 3

Det følger av Barnekonvensjonen art. 3 og Grunnloven § 104 at barnet sitt beste skal vere grunnleggjande ved alle handlingar og avgjersler som gjeld barn. Om Hjelmeland kommune skal vurdere barnet sitt beste bør omsynet til barnet gjerast synleg i vedtaket. Dei må forklare korleis det beste for barnet er undersøkt, og kva som er innhaldet i vurderinga. Det vil seie korleis dei har komme fram til kva som er best for barnet. Her må det også komme fram om og korleis barnet er høyrte. Dei må forklare kva vekt det beste for barnet har fått i avveginga mot andre omsyn, og kvifor eventuelle andre omsyn går føre.

Fylkesmannen si vurdering er at vedtaka ikkje i tilstrekkeleg grad individuelt viser korleis barnet sitt beste er tatt i vare og vurdert når det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Inneheld enkeltvedtaket informasjon om moglegheit til å klaga, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendes til kommunen?

Rettsleg grunnlag: Forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Når det gjeld informasjon om klagerett m.m., inneheld dei fleste vedtaka rett informasjon. I nokre tilfelle er viktige element utelatne eller feil. Vi ser døme på dette i to vedtak frå 2018 der opplæringslova, og ikkje barnehagelova, blir lagt til grunn for vedtaka. Dette på tross av at nye prosedyrar og ny vedtaksmal for spesialpedagogisk hjelp blei utarbeida fyrste gong i 2016 og er sist revidert juni 2019. I intervju kjem det fram at vedtaksmalen til skole tidlegare låg i websak, og at styrarane har nytta denne, og på eigenhand skrivne den om til å gjelde vedtak etter barnehagelova. Denne praksisen varte fram til revidert vedtaksmal for barnehage kom januar 2019. Fylkesmannen legg til grunn at dette er årsaka til at to av vedtaka viser til Statens utdanningskontor i Rogaland som klageinstans. Statens utdanningskontor blei den 31.12.2002 ein del av Fylkesmannen. Med ny vedtaksmal legg Fylkesmannen til grunn at vedtaka skrivne i etterkant er retta opp, men vi vil peike på at når vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir fatta i den einskilde barnehage, må kommunen sikra at alle vedtaka har same standard.

Etter ei heilskapleg vurdering finn Fylkesmannen at Hjelmeland kommune i enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp, viser til aktuelt lovverk og opplyser om klagerett, klagefrist og klageinstans i tråd med krav i forvaltningslova.

Inneheld enkeltvedtaka informasjon om retten til å sjå dokumenta i saken ?

Rettsleg grunnlag: Forvaltningslova § 27 tredje ledd, samt § 18 jf. § 19.

Enkeltvedtaka inneheld informasjon om retten til å sjå sakens dokument og Fylkesmannen si vurdering er at kommunen fyller det rettslege kravet på dette området.

Fattar kommunen vedtak om spesialpedagogisk hjelp så snart som mogleg når PP-tenesta har utarbeida sakkyndig vurdering, og med oppstartsdato ut frå barnets behov?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 a jf. forvaltningslova § 11 a.

Saker om spesialpedagogisk hjelp må andsamast innan rimeleg tid, jf. krav i forvaltningslova. Barnet sitt behov og rettar skal avgjerast raskast mogleg.

I sakene vi har fått er tida frå tilrådinga er klar til enkeltvedtaka blir fatta, frå 1 til 4 månadar. Dette gir ei gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 2,3 månader i desse sakene. Mange av vedtaka vi har fått er fatta rundt same tidspunkt kvart år, uavhengig av når sakkunnig vurdering er klar. På bakgrunn av datoane på sakkunnige vurdering, kan det sjå ut til at 5 av vedtaka er i «rullering», altså at barnet også har hatt vedtak barnehageåret før. I tre saker er barnet tilvist i februar, men får ikkje vedtak før på hausten. Det kan dermed sjå ut til at kommunen ventar til starten av barnehageåret med å fatte vedtak. I desse tre sakene er den totale sakshandsamingstida i snitt 7,2 månader. Dette er urimeleg lang tid. Det går fram av forvaltningslova § 11 a at i samband med enkeltvedtak, skal forvaltningsorganet *forberede og avgjere saken utan ugrunna opphald*. Det betyr at om barn har behov i løpet av året, skal kommunen fatte vedtak og ikkje vente.

Retten til spesialpedagogisk hjelp er ein individuell rett for barn med særlege behov. Dette inneber at kommunen ikkje kan ta økonomiske omsyn i desse sakene. I intervjuet blir det sagt at vedtaka ikkje kan fattast før ein har fått godkjenning frå kommuneadministrasjonen for å tilsette personell i tråd med sakkunnig tilråding, og at dette blir spesielt problematisk midt i eit budsjettår. Dette gir indikasjonar på at kommunen tek økonomiske omsyn på eit område som skal vere skjerma av lovverket i den forstand at barnet har ei individuell rett til hjelp.

Vår vurdering er kommunen ikkje har praksis på å fatta vedtak i løpet av året. Vidare vurderer Fylkesmannen at kommunen ikkje følger kravet i forvaltningslova om at saker om spesialpedagogisk hjelp skal handsamast innan rimeleg tid. Det tek for lang tid frå sakkunnig vurdering er skriven til vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir fatta.

3.3 Våre konklusjonar

Hjelmeland kommune oppfyller lovas krav når det gjeld:

- Det er henta inn samtykke frå føresette før PP-tenesta utarbeider sakkunnig vurdering.
- Føresette får uttala seg om innhaldet i sakkunnig vurdering før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen hentar inn samtykke frå føresette før dei fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kor lenge hjelpen skal vare.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om hjelpen sitt timeomfang.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld tilbod om rettleiing til føresette.
- Enkeltvedtaka inneheld informasjon om retten til å sjå dokumenta i saken.
- Enkeltvedtak inneheld informasjon om rett klageinstans.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om korleis hjelpen skal organiserast.

Hjelmeland kommune oppfyller ikkje lova sine krav når det gjeld:

- Kommunen sikrar ikkje at saken er godt nok opplyst før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen fattar ikkje enkeltvedtak i alle saker der PP-tenesta har gjennomført ei sakkunnig vurdering.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld ikkje informasjon om kva hjelpen skal gå ut på.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld ikkje informasjon om kva for ein kompetanse dei som gir hjelpa skal ha.
- Kommunen må syte for at all informasjon som høyrer til vedtak om spesialpedagogisk hjelp er ein del av det skriftlege vedtaket.
- Kommunen grunnjev ikkje vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga.
- Kommunen viser ikkje i tilstrekkeleg grad korleis barns beste er tatt i vare og vurdert når den fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen fattar ikkje vedtak om spesialpedagogisk hjelp så snart som mogleg når PP-tenesta har utarbeida sakkyndig vurdering.

4. Årsrapport og gjennomføring

4.1 Rettslege krav

Krav til evaluering og rapportering om spesialpedagogisk hjelp går fram av barnehagelova § 19 b tredje ledd. Kommunen eller barnehagen skal evaluere tilbodet barnet får og om barnet framleis har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Hjelpa bør evaluerast fortløpande gjennom heile året og danne grunnlaget for årsrapporten. Årsrapporten skal vere skriftleg og skal sendast til foreldra og kommunen. Rapporten skal gi ei oversikt over hjelpa barnet har fått og ei vurdering av barnet si utvikling. Vurderinga skal gi grunnlag for eventuelle justeringar, innhald i hjelpa, arbeidsmåtar, organisering eller metode. Det er den som gjennomfører hjelpa og har jamleg kontakt med barnet, som skal skrive årsrapporten.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Skriv Hjelmeland kommune ei årleg rapport i sakar om spesialpedagogisk hjelp?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 b

I Hjelmeland sine skriftlege rutinar om spesialpedagogisk hjelp står det at det skal utarbeidast ein årleg rapport. Praksisen blir stadfesta i intervju, i tillegg til at kommunen har sendt inn eit døme på halvårsevaluering og seks døme på årsrapportar. Vår vurdering er at kommunen oppfyller rettsleg krav på dette punktet.

Følger kommunen opp at den som gir hjelpa utarbeider ein årleg rapport om hjelpa barnet har mottatt og ei vurdering av barnet si utvikling?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova 19 b.

Årsrapporten er ei evaluering av barnet si utvikling og skal bygge på konkrete mål for barnet i tillegg til ei omtale av innhald, arbeidsmåtar, organisering og metodar. Årsrapport i Hjelmeland kommune har ein felles mal. Malane ligg i websak. I rutinane står det at årsrapporten skal evaluere korleis tiltaka har virka, om barnet er på veg mot målet. I sjølve årsrapporten finnes eit punkt der det skal evaluerast om barnet framleis har behov for spesialpedagogisk hjelp, og eit punkt der føresette kan gi si vurdering av arbeidet. Ut frå dokumentasjon og intervju oppfattar vi det slik at rapporten i hovudsak utarbeidast av den som er ansvarleg for det spesialpedagogiske arbeidet i samarbeid med dei tilsette i barnehagen.

Kor god evalueringa er, vil vere avhengig av kor godt ein klarar å beskrive måla det er arbeidd med og korleis arbeidet er organisert. Barnehagelova stiller ikkje krav om individuell opplæringsplan (IOP) for barn før opplæringspliktig alder, men ein slik plan blir ofte utarbeida og brukt som arbeidsreiskap for dei som utfører den spesialpedagogiske hjelpa. I *Ressurshefte for IOP og evalueringsarbeid* i barnehagen, som er rettleiar for barnehagane i Hjelmeland kommunen, står det at IOP skal utarbeidast så snart det føreligg sakkunnig vurdering og eit enkeltvedtak. I ressursheftet er det også døme på mål og forslag til tiltak under dei ulike områda.

Den første delen av rapporten omhandlar evaluering av organiseringa. Organiseringa av barnehagetilbodet er omtala i IOP, men på ein litt enkel og generell måte. Dette gjer det vanskeleg å vurdere om organisering, arbeidsmåtar eller metodar har vært tilfredsstillande og om det er naudsynt med justeringar.

Andre del av rapporten skal evaluere barna sine ulike mål og dei ulike tiltaka som er utarbeida for å nå måla. Her er rapporten delt inn i ulike område for utvikling i tillegg til om barnet treng vidare hjelp, og ei vurdering frå føresette. Her er det vanskeleg å seie kva for eit mål som faktisk blir evaluert, då det i fleire av rapportane berre blir ei omtale av kva målet går ut på, og ikkje ei evaluering. Alle rapportane har heller ikkje gode nok referansar tilbake til IOP der måla er skrivne.

Nokre av delmåla i IOP og dermed også årsrapportane er for generelle til at det blir ei konkret vurdering av framgang hos barnet. Til dømes er det delmål under språk som ikkje seier kva for omgrep, grupper av ord eller tema ein skal jobbe med. Dette gjer det vanskeleg å evaluere om måla er oppnådde eller ikkje. Dette får igjen følger for om rapporten kan beskrive dei måla som skal førast vidare, og kva som blir nytt. Eit anna døme frå mål for språk og kommunikasjon er at barnet må bruke språket meir i samhandling med andre. Her kjem det heller ikkje fram korleis dette skal organiserast, heller ikkje kva for aktivitetar som kan vere relevante eller kven som skal sjå til at tiltaka blir satt i gang.

Evalueringa skal og gi grunnlag for eventuelt å justere arbeidet når det gjeld, arbeidsmåte, metode og organisering. Dette er for lite vektlagt i evalueringa. Kor god evalueringa er, vil vere avhengig av kor godt den tilsette klarar å beskrive måla dei jobbar med og korleis arbeidet er organisert rundt barnet. Vår vurdering er at metode, arbeidsmåtar og organisering av hjelpa, må kome tydelegare fram i både IOP og i evalueringane av årsrapportane. Først då kan ein kan foreta meir presis justering om det skulle vere nødvendig. De er viktig at barnet si utvikling og læring må sjåast i samheng med barnet sine omgivadar. Utan ein tydeleg evaluering av dette, står ein i fare for å legge for stor vekt på evaluering av barnet sine mål aleine.

Fylkesmannen si vurdering er at kommunen utarbeider årsrapportar, men at dei er ikkje er i tråd med krava i § 19 b verken når det gjeld evaluering av barna sine mål og tiltak, eller vurdering av metode, arbeidsmåtar og organisering.

Får assistentar som bidrar i gjennomføringa av spesialpedagogisk hjelp, naudsynt rettleiing av kompetent personell?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 a

Det ligg i omgrepet assistent at denne må stå i relasjon til ein som har ansvar og naudsynt kompetanse. Assistenten må få oppfølging slik at barnet får hjelpa det treng. Kva som er nødvendig rettleiing må vurderast ut frå utdanninga og arbeidserfaringa til den aktuelle assistenten. I PP-tenesta si tilråding er det skilnad mellom årstimar med spesialpedagog eller pedagog og årstimar med miljøterapeut, fagarbeidar eller assistent. Likevel har vi vurdert det slik at dei sakkunnige vurderingane ikkje presist nok tek stilling til kva for kompetanse de som gir hjelpa bør ha. Vi viser her til kap. 2.

I intervju får vi vite at utførarane av den spesialpedagogiske hjelpa er tilsett i barnehagane. I ein barnehage er det tilsett ein spesialpedagog ut over grunnbemanninga. I dei andre barnehagane er det tilsett pedagogar og fagarbeidar i tillegg til grunnbemanninga. Vi får og vite at pedagogisk leiar kan vere utøvar av den spesialpedagogiske hjelpa og/eller har ansvaret for å rettleie fagarbeidar og assistent, sjølv om dette ikkje kjem fram av vedtaka. Vi viser her til drøfting i kap. 3. Dersom det er tilrådd spesialpedagog og assistent, skal assistenten vere under rettleiing av spesialpedagogen. Om det ikkje er sagt i sakkunnig tilråding at spesialpedagogisk kompetanse er nødvendig, er det nok at assistenten står under rettleiing av pedagog i barnehagen. Dette må då kome klart og tydeleg fram av vedtaka. Den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta må vere konkret når det gjeld kva for kompetanse som tilråddast barnet, etter ei individuell vurdering av barnet sitt beste. Om vedtaksmynden vurderer annleis, må dette komme fram av vedtaket, og det skal greiast ut om korleis barnet likevel blir ivaretatt og får sine behov dekkja.

Etter Fylkesmannen si vurdering har ikkje Hjelmeland eit system og ein praksis som tek i vare at assistentar som bidrar i gjennomføringa av spesialpedagogisk hjelp, får naudsynt rettleiing av kompetent personell.

Følger kommunen opp at dei mottar årsrapporten og at han også blir sendt til føresette?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 b

Ut frå dokumentasjon og intervju oppfattar vi det slik at rapporten i hovudsak utarbeidast av den som er ansvarleg for det spesialpedagogiske arbeidet i samarbeid med dei tilsette i barnehagen. Tidspunkt for evalueringa skjer i dei fleste sakene i løpet av mai/juni. Dokumentasjon og intervju stadfestar at styrar har ansvar for at arbeidet blir utført. Årsrapporten blir sendt til kommunen via websak og til føresette med kopi til PP-tenesta. Vår vurdering er difor at kommunen følger dette lovkravet.

Syt kommunen for at barnet blir tilvist på nytt til PP-tenesta dersom behova endrar seg?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova §§ 19 a jf. 19 c.

PP-tenesta stadfester at dei tek imot tilvisingar gjennom heile året. Samtidig viser kommunen sine rutinar at årsrapportane sendast til PP-tenesta slik at dei er oppdaterte om barnet sitt behovet. PP-tenesta stadfestar i intervjuet at dei i tillegg til å lese årsrapportane, også er med på evalueringa. Fylkesmannen konkluderer med at Hjelmeland kommune syter for at barnet blir tilvist på nytt dersom behova endrar seg.

4.3 Våre konklusjonar

Hjelmeland kommune oppfyller lova sine krav når det gjeld:

- Hjelmeland kommune skriv ein årleg rapport i saker om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen følger opp at dei mottar årsrapporten og at den også blir sendt til føresette.
- Kommunen syter for at barnet blir tilvist på nytt til PP-tenesta dersom behova endrar seg.

Hjelmeland kommune oppfyller ikkje lova sine krav når det gjeld:

- Kommunen følger ikkje opp at den som gir hjelpa utarbeider ein årleg rapport som tilfredsstillar krav til ein slik rapport, når det gjeld hjelpa barnet har mottatt og ei vurdering av barnet si utvikling.
- Kommunen syt ikkje for at assistentar som bidrar i gjennomføringa av spesialpedagogisk hjelp, får naudsynt rettleiing av kompetent personell.

5. Tilrettelagt barnehagetilbod

5.1 Rettslege krav

Alle barn som går i barnehage har krav på eit tilbod som er i samsvar med barnehagelova og rammeplan for barnehagar. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha høve til å delta i barnehage på same måte som andre barn. Dersom barnet treng tilrettelegging for å kunne ta i bruk det ordinære barnehagetilbodet, har kommunen ei plikt til å fatte vedtak som sikrar at barnet får eit eigna individuelt tilrettelagt tilbod, jf. barnehagelova § 19 g. Plikta til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som vil være svært byrdefulle for kommunen. Tilrettelegging av barnehagetilbodet kan omfatta både fysisk tilrettelegging av bygg og lokalar og praktisk tilrettelegging av barnehagedagen gjennom ekstra ressursar eller personale.

Uttrykket nedsett funksjonsevne er ikkje definert i barnehagelova, men i forarbeida blir det vist til anna lovverk der nedsett funksjonsevne blir definert som tap av, lyte på eller avvik i ein kroppsdel, eller i ein av kroppen sine psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar. Begrepet skal tolkast vidt. Dette må også sjåast i samanheng med formålet som er å sikre at barn med nedsett funksjonsevne kan nytte barnehagetilbodet på linje med andre barn. Dei konkrete omgivingane kan vere avgjerande for funksjonsevna.

Ved vurdering av om tilrettelegginga vil være for byrdefulle for kommunen og kostnaden ikkje står i forhold til nytten, skal tilrettelegginga sin effekt særleg vektast. Kommunen si plikt må avgrensast frå barnehageeigar si plikt til å sørge for universell utforming av barnehagen. For å ha rett til

tilrettelegging etter § 19g, må barnet sin nedsette funksjonsevne vere av ein slik art at det er behov for tilrettelegging utover det som er barnehageeigar si plikt.

Tilrettelegging av barnehagetilbodet er ein individuell rett for det enkelte barn. Kommunen må difor fatte enkeltvedtak i slike saker, jf. forvaltningslova § 2 b). Regelen i barnehagelova § 19 g trådde i kraft 1. august 2016, men plikta har vore regulert i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova tidlegare. Ei må forstå reglane likt etter begge regelverk, og praksis frå Likestillings- og diskrimineringsombodet er derfor relevant i tolkinga av barnehagelova § 19 g.

Forvaltningslova stiller krav til forsvarleg utgreiing i § 17 og kommunen må derfor opplyse saka best mogleg før vedtak treffast. Det inneber å innhente dokumentasjon og gjere tilstrekkelege undersøkingar, som er viktige for avgjerla. Kommunen må til dømes be om at føresette sender inn relevant dokumentasjon frå lege eller helsestasjon, eller anna kartlegging ved hjelp av informasjon frå barnehage, føresette, helsetenester evt. PP-tenesta.

Barnet sine føresette har rett til å gjere seg kjende med dokumenta i saka og til å uttala seg før vedtak blir fatta.

Det følger av Barnekonvensjonen art. 3 og Grunnloven § 104 at barnet sitt beste skal være eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. Alle barn har og rett å seie meininga si og den skal bli tatt på alvor jf. Barnehagekonvensjonen art 12.

5.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Fangar kommunen opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 g jf. barnekonvensjonen 2, 3 og 23

I dokumentasjonen som vi har fått tilsendt står det at kommunalsjef for oppvekst har vedtaksmynde og ansvar for å handsame og avgjere søknadar om tilrettelegging etter 19 g i barnehagelova. Behovet meldes av føresette via elektronisk søknadsskjema som er på kommunen si heimeside, og via barnehagen sitt skjema i lag med føresette. Her kan føresette og andre instansar finne informasjon om retten til tilrettelegging. Av dokumentasjonen som er gitt finn vi eit eksempel på at helsestasjonen har sendt inn søknad om tilrettelegging fordi PP-tenesta ikkje har kapasitet til å starte utreiinga. I den andre saka om tilrettelegging er det PP-tenesta gjennom sakkunnig vurdering om spesialpedagogisk hjelp, som fangar opp behovet for tilrettelegging.

Det kjem ikkje klart fram korleis barnehagane er kvalifiserte til å identifisera barn med nedsett funksjonsevne. Ein styrar seier ho ikkje kjennar til rutiane og at ho ikkje har erfaring med eller kompetanse om 19 g. Ei anna seier at ho kjenner til retningslinjene, men synest dei er uklare.

Både i intervju og i vedtaka som er tilsendt gir kommunen uttrykk for at det er uklart om retten til tilrettelegging etter § 19 g skal skje før eller etter tildeling av spesialpedagogisk hjelp, då vurderingane vil virke inn på kvarandre.

I intervju kjem det fram at:

(...)PP-tenesta gjer sin sakkunnige vurdering i forhold til § 19 a og da kan det hende enkeltvedtaket etter § 19 g blir redusert eller gjort om(...)

Tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g skal vere ein del av det ordinære barnehagetilbodet. Dette heng saman med retten til plass i barnehage, jf. barnehagelova § 12a og moglegheita barn med nedsett funksjonsevne skal ha til å gjere seg nytte av plassen. Dersom spesialpedagogisk hjelp blir aktuelt for det same barnet, skal det i tråd med § 19 d om sakkunnig vurdering bokstav c), takast stilling til om barnet sitt behov kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Då vil det styrka tilbodet vere ein del av det ordinære. Det vil etter Fylkesmannen si vurdering ikkje vere i tråd med lova å gjere om noko av denne ressursen til spesialpedagogisk hjelp. Enkeltvedtak om tilrettelegging etter §19 g er bindande overfor barn og føresette og skal ha eit annet formål enn spesialpedagogisk hjelp.

Fleire tilsette i kommunen er usikre på prosessen og etterlyser tydelegare rutinar. Dette er samanfallande med at Hjelmeland kommune berre har fatta to vedtak om tilrettelegging på tidspunktet for vårt tilsyn med kommunen. Ut frå dei to sakane går det klart fram at store delar av behovet til barna, dreier seg om behov for tiltak med spesialpedagogisk siktemål.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det uklart om barnehagane er kvalifiserte til å identifisere barn med nedsett funksjonsevne. Vi vurderer kommunen sine retningslinjer som uklare, og kommunen klarar ikkje i tilstrekkeleg grad å skilje spesialpedagogisk hjelp frå eit tilrettelagt barnehagetilbod. Fylkesmannen sin konklusjon er dermed at Hjelmeland kommune ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å fange opp alle barn med behov for eit tilrettelagt barnehagetilbod.

Syt kommunen for at dei føresette har moglegheit til å uttale seg?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova § 16

Føresette har rett til å gjere seg kjende med dokumenta i saka og til å uttale seg før vedtak treffast. Kommunen sine rutinar kring søknad visar at foreldra skal verte involverte før vedtak vert fatta. I intervjuet kjem det og fram at vedtaksmynden har samtale med føresette før dei fattar vedtak. Vedtaka vise i mindre grad korleis denne retten er teken i vare.

I saker der føresette ikkje har vore involverte i sakshandsaminga, eller på anna vis har fått uttalt seg på eit tidlegare tidspunkt, skal det sendast eit førehandsvarsel om vedtak i tråd med forvaltningslova § 16. Kommunen må synleggjere korleis dei oppfyller føresette sin uttalerett i praksis. Fylkesmannen vurderer likevel at Hjelmeland kommunen syt for at dei føresette får moglegheit til å uttala seg om vedtaket før det fattast.

Opplyser kommunen saka tilstrekkeleg til å kunne ta stilling til:

- om eit barn har nedsett funksjonsevne?
- om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 g, jf. forvaltningslova § 17

Det eine vedtaket vi har fått tilsendt har ein søknad frå helsestasjonen med vedlegg frå fastlegen, helsestasjonen, diverse tilvisingar til UIS og tilvising til PP-tenesta. I den andre saka vi har fått tilsendt er grunnlaget for vedtaket tilråding frå PP-tenesta i ei sakkunnig utredning om spesialpedagogisk hjelp. Her skriv PP-tenesta at barnet også vil ha rettar etter barnehagelova § 19 g og beskriv kva for

situasjonar barnet treng tilrettelegging. Begge vedtaka har vedlegg som inneheld informasjon om barnas nedsette funksjonsevne.

For at kommunen skal kunne ta stilling til om eit barn med nedsett funksjonsevne kan gjere seg nytte av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn, må dei hente inn informasjon frå barnehagen. I dei to sakene vi har fått er det ikkje henta inn informasjon frå barnehagen om kva for eit behov dei meiner barnet har, eller kva som allereie er gjort av tilpassingar. Det er heller ikkje henta inn informasjon om barnehagen sin kompetanse, bemanning, fysiske utforming eller vedlagt opplysningar eller andre vurderingar frå barnehagen.

Fylkesmannen si vurdering er difor at kommunen ikkje opplyser saka tilstrekkeleg slik at dei kan ta stilling til om barnet kan nytta barnehagetilbodet og delta på lik linje med andre barn.

I vedtak om individuell tilrettelegging, tek kommunen stilling til

- **om barnet har nedsett funksjonsevne?**
- **om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?**

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 g jf. forvaltningslova § 24

Begge vedtaka vi har fått, har vedlegg som inneheld informasjon om barna sin nedsette funksjonsevne. Ingen av vedtaka tek likevel stilling til om barna har nedsett funksjonsevne. Som vist under førre kontrollspørsmål, har ikkje kommunen opplyst saka tilstrekkeleg. Dette gjer det vanskeleg for kommunen å ta stilling til om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn. Dette gjer heller ikkje vedtaka.

Vi vurderer difor at kommunen ikkje tar stilling til om barnet kan nytta barnehagetilbodet og delta på lik linje med andre barn.

Tek kommunen stilling til kva for ei tilrettelegging som er egna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn?

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 19 g jf. forvaltningslova § 24 og § 25 og barnekonvensjonen art. 3

Det må klart og tydeleg komma fram av vedtaket kva for ei tilrettelegging barnet skal få, kor lenge hjelpa skal vare og kva for omfang hjelpa skal ha. Kor omfattande dette skal beskrivast, vil variere frå sak til sak. Ut frå dokumentasjonen og vedtaka om styrking av barnehagetilbodet, går det klart fram at store deler av barna sine behov dreier seg om behov for tiltak med pedagogisk og spesialpedagogisk siktemål.

Etter Fylkesmannen si vurdering har ikkje kommunen ei riktig lovforståing av korleis retten til tilrettelegging etter barnehagelova § 19 g skal avgrensast opp mot retten til spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a. Dette medfører uklare vedtak når det gjeld innhald, omfang og varigheit. Vår vurdering er at kommunen ikkje har tatt stilling til kva for ei tilrettelegging som er egna, for at barna skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.

Tek kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den fattar vedtak om individuell tilrettelegging?

Rettsleg grunnlag: barnehagelova § 19 g jf. Barnekonvensjonen artikkel 3.

Barnet sitt beste er ein rett, eit generelt prinsipp og ei regel i sakshandsaminga, og alle offentlege organ må ta dette i vare i saker som gjeld barn. At det er eit grunnleggjande omsyn betyr at det er eit omsyn som veg tungt, og at det skal mykje til for å setja det til sides. Ei vurdering av barnet sitt beste må være synleg i vedtaket. Det må forklarast korleis barnet sitt beste er undersøkt, og kva som er innhaldet i vurderinga. Det vil seie korleis kommunen har kome fram til kva som er best for barnet. Vekta barnet sitt beste har fått i veginga mot andre omsyn, og kvifor eventuelle andre omsyn som går føre, må også kome fram i vedtaket.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at Hjelmeland kommune har tatt stilling til kva som er barnet sitt beste når dei fattar vedtak om individuell tilrettelegging.

Inneheld enkeltvedtaka informasjon om moglegheit til å klage, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendes til kommunen?

Rettsleg grunnlag:: Forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Det eine vedtaket er i tråd med krava i forvaltningslova og viser til aktuelt lovverk, opplyser om klagerett, klagefrist, klageinstans og at klagen skal sendast til kommunen. Det andre vedtaket viser til klagerett, klagefrist og klageinstans, men seier at Statens utdanningskontoret i Rogaland og ikkje Fylkesmannen i Rogaland.

Vår vurdering er at kommunen i enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, viser til aktuelt lovverk og opplyser om klagerett, klagefrist i tråd med krav i forvaltningslova, men at kommunen ikkje viser til riktig klageinstans.

Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå dokumenta i saken ?

Rettsleg grunnlag: forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Berre eitt av to vedtak viser til retten om å sjå dokumenta i saken. Fylkesmannen si vurdering er at kommunen ikkje oppfyller det rettslege kravet på dette området.

5.3 Våre konklusjonar

Hjelmeland kommune oppfyller lova sine krav når det gjeld:

- Kommunen syt for at dei føresette får moglegheit til å uttala seg.
- Kommunen syt for å opplyse saka tilstrekkeleg, slik at dei kan ta stilling til om eit barn har en nedsett funksjonsevne.

Hjelmeland kommune oppfyller ikkje lova sine krav når det gjeld:

- Kommunen fangar ikkje opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging.
- Kommunen syt ikkje for å opplyse saken tilstrekkeleg, slik at dei kan ta stilling til om barnet kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.
- I vedtak om individuell tilrettelegging, tek ikkje kommunen stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, eller om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.

- Kommunen tek ikkje stilling til kva for ei tilrettelegging som er egna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.
- Kommunen tar ikkje stilling til kva som er barnet sitt beste når den fattar vedtak om individuell tilrettelegging.
- Enkeltvedtaka inneheld ikkje informasjon om retten til å sjå dokumenta i saken.

6. Frist for retting av regelverksbrot

I kapitla over har Fylkesmannen konstatert at Hjelmeland kommune ikkje følg regelverket på alle områder. Vi gir frist til å rette brot på regelverket. jf. kommunelova § 60 d. På grunn av situasjonen med utbrot av Koronavirus er fristen for retting 15. november 2020. Før fristen må de sende erklæring om at forholda er retta og dokumentasjon som viser dette.

Om regelverksbrota ikkje er retta før fristen, kan Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit slikt pålegg vil vere eit vedtak som kommunen kan klage på til Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova kapittel VI. Pålegg som er aktuelle å vedta etter utløp av rettefristen er:

Sakkunnig vurdering

Hjelmeland kommune må sjå til at det blir utarbeida ei sakkunnig vurdering av om barnet har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp før den fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp, jf. barnehagelova §§ 19 c jf. 19 a. Hjelmeland kommune må i denne samanheng sjå til at:

- PP-tenesta utarbeider sakkunnige vurderingar om spesialpedagogisk hjelp i dei tilfella kor barnehagelova krev det.
- PP-tenesta opplyser saka så godt som råd er før dei utarbeider sakkunnig vurdering.
- PP-tenesta utarbeider sakkunnig vurdering så snart som råd.
- PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til om det ligg føre sein utvikling og lærevanske hos barnet.
- PP-tenesta gjer greie for og tek dei stilling til realistiske mål for barnet si utvikling og læring.
- PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til om barnet sine behov kan bli hjelpt innafor det ordinære barnehagetilbodet, dersom barnet går i barnehage.
- PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til kva type hjelp som vil bidra til barnet si utvikling og læring.
- PP-tenesta gjer greie for og tek stilling til kva kompetanse dei som gir hjelpa bør ha.
- PP-tenesta vurderer kva som er barnet sitt beste når dei utarbeider sakkunnig vurdering.

Vedtak om spesialpedagogisk hjelp

Hjelmeland kommune må sjå til at dei fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp som oppfyller krava i barnehagelova kap. V A og reglar for sakshandsaming i forvaltningslova, jf. barnehagelova § 19 a og forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23, 24, 25 og 27. Hjelmeland kommune må i denne samanheng sjå til at:

- Kommunen sikrar at saken er godt nok opplyst før det fattast vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

- Kommunen fattar enkeltvedtak i alle saker der PP-tenesta har gjennomført ei sakkunnig vurdering.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kva hjelpen skal gå ut på.
- Vedtak om spesialpedagogisk hjelp inneheld informasjon om kva for ein kompetanse dei som gir hjelpa skal ha.
- Kommunen grunngjev vedtak som ikkje samsvarer med den sakkunnige vurderinga.
- Kommunen tek stilling til kva som er barnet sitt beste når den fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp.
- Kommunen fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp så snart som mogleg når PP-tenesta har utarbeida sakkyndig vurdering, og med oppstartsdato ut frå barnet sitt behov.
- At all informasjon som gjeld rettane til barnet er ein del av skriftlege vedtaket om spesialpedagogisk hjelp.

Årsrapport og gjennomføring

Hjelmeland kommune skal utarbeide årsrapportar i tråd med krava i § 19 b . Hjelmeland kommune må i denne samanheng sjå til at:

- Kommunen følger opp at den som gir hjelpen utarbeider ein årleg rapport om hjelpen barnet har mottatt og ei vurdering av barnet si utvikling.
- Kommunen må syte for at assistentar som bidrar i gjennomføringa av spesialpedagogisk hjelp, får naudsynt rettleiing av kompetent personell.

Tilrettelagt barnehagetilbod

Hjelmeland kommune må sikra at barn med nedsett funksjonsevne får et eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, jf. barnehagelova § 19 g. Hjelmeland kommune må i denne samanheng sjå til at:

- Kommunen fangar opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging.
- Kommunen syt for å opplyse saken tilstrekkeleg, slik at dei kan ta stilling til om barnet kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.
- Kommunen i vedtak om individuell tilrettelegging, tek stilling til om barnet har en nedsett funksjonsevne og om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn.
- Kommunen tek stilling til kva for ei tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn.
- Kommunen tek stilling til kva som er barnet sitt beste når den fattar vedtak om individuell tilrettelegging.
- Enkeltvedtaka inneheld informasjon om rett klageinstans.
- Enkeltvedtaka inneheld informasjon om retten til å sjå dokumenta i saken.

Mette Sømme

Astri Løvås Pundsnes

Jorunn Helland

tilsynsleiar

rådgivar

rådgivar